

Forskrift [dd. mmmm 2021 nr. XXX] om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkelova, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Plan- og bygningslova § 33-1, jamfør òg byggesaksforskrifta, matrikkelova § 32, jamfør òg matrikkelforskrifta, samt eigarseksjonslova § 15.

Fastsatt: Stranda kommune d. mmmm 2021, sak xx/2021

Ikraftsetjing: 1. januar 2022

Kapittel 1 – Generelle føresegner

§ 1.1 Generelt

Gebyr etter dette regulativet vert betalt etter faktura utskriven av kommunen. Alle prisar er gitt i norske kroner. Det vert ikkje rekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkelova eller eigarseksjonsloven.

Regulativet speglar det faktiske arbeidet dei ulike sakstypane medfører. Samla fakturert gebyr dekkjer sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

§ 1.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betala gebyr. Betaling kan krevjast før forretning fastsetjast, arbeid har vore igangsett eller før løyve/vedtak er fatta.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskottera dette.

§ 1.3 Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningsloven og eigarseksjonsloven skal reknast etter dei satsane som gjeld på tidspunktet komplett søknad, eller komplett planforslag vert motteke i kommunen, med mindre anna kjem fram av regulativet.

Gebyr etter matrikkelova vert berekna etter dei satsane som gjeld når saka vert fremma, jf. matrikkelforskrifta § 16.

Gebyret vert fakturert når vedtak er fatta, etter oppstartsmøte eller førehandskonferanse er halde, eller når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka. Gebyret for private planforslag vert fakturert etter oppstartsmøte, etter andre møte og ved vedtak om offentleg ettersyn.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vil det i tillegg kome purregebyr etter inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell sjølv om vedtaket er klaga på eller det er søkt om reduksjon av gebyret.

§ 1.4 Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet til kommunen med dei ulike sakstypane og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Samla fakturert gebyr dekkjer sakshandsaming, administrative utgifter, tilsyn med vidare. Gebyrregulativet vert årleg vedteke av kommunestyret som har høve til å prisa gebyra lågare enn sjølvkost.

§ 1.5 Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for kommunen sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

§ 1.6 Klage

Når gebyret er heimla i plan- og bygningsloven § 33-1, matrikkelova § 32 eller eierseksjonsloven § 15, er det ikkje høve til å klage på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1.7 om urimeleg gebyr kan klagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal etter reglane i forvaltningsloven.

§ 1.7 Urimeleg gebyr

Gebyret kan reduserast dersom kommunen etter eiga vurdering, eller etter skriftleg søknad, vurderer gebyret som klart urimeleg.

Kommunen kan delegere vedtaksautoriteten til relevant administrativt nivå. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen.

§ 1.8 Avslag

Arbeidet med saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utgangen av klagefristen. For å følgje sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet vert ikkje godskrive ved ny eller endra søknad. Dersom søknad om seksjonering vert avslått, vert eventuelt innbetalt tinglysingsgebyr betala tilbake.

§ 1.9 Tilbaketrekking av søknad

Dersom søknad vert trekt tilbake, skal tiltakshavar betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har komme i behandlinga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

§ 1.10 Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta tyder:

- a. Pbl: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).
- b. Mtl: Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova).
- c. Eiersl: Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven).
- d. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften).
- e. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- f. Søknadspåttige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningsloven §§ 20-1, 20-2, 20-3 og 20-4.
- g. Grunngebyr: Gebyr som skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- h. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekke oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- i. Registreringsgebyr: Gebyr som skal dekke arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen.
- j. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- k. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå dei andre einingane, jf. SAK § 2-2.
- l. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigedomen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- m. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- n. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og rekna med utgangspunkt i NS-3940.
- o. Daa: Dekar, 1.000 kvadratmeter.
- p. Vnr.: Varenummer.

Kommentert [ELJ1]: Kom gjerne med innspill hvis det er noe dere ønsker å ha med i listen som ikke er der i utkastet.

Kommentert [ELJ2R1]: Videre må listen justeres ved endelig forslag slik at det ikke er med begrep som ikke benyttes videre i dokumentet. Dette avhenger av hvilke løsninger vi lander på i innretningen.

Kapittel 2 – Private planar (reguleringsplanar)

§ 2.1 Generelt

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeidet til kommunen fram til det blir avgjort om forslaget skal leggjast ut på høyring etter plan- og bygningsloven § 12-11. I plansaker vert gebyret fakturert etter oppstartsmøtet og i samband med vedtak om offentleg ettersyn. I saker som vert avslutta før fullstendig planforslag er lagt fram, eller før offentleg ettersyn, blir gebyret fakturert når saka er avslutta.

§ 2.2 Grunngbyr

Grunngbyret skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsaminga som er uavhengig av kompleksitet og storleiken på forslaget.

Grunngbyr		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.3 Oppstartsmøte

Gebyret for oppstartsmøtet dekker førebuingar, deltaking i møtet samt referat og etterarbeid som kommunen har.

Oppstartsmøte, jf. pbl § 12-8		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per møte	Kr X,-

§ 2.4 Sakshandsamingsgebyr

Alle private planforslag skal betala eit gebyr avhengig av regulert areal. Areal som regulerast til offentlege grønstruktur- og friluftsmål, verneområde samt eksisterande offentlege trafikkområde skal ikkje takast med i berekinga.

Planområdets areal		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Regulert areal inntil 5 daa	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Regulert areal frå 5 til 20 daa	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Regulert areal over 20 daa	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.5 Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planforslaget ikkje er i samsvar med overordna planar mv. skal det bereknast eit tilleggsgbyr.

Reguleringsplan, jf. pbl §§ 12-10, 12-11		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgbyr dersom planforslaget ikkje er i samsvar med overordna planar	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.6 Planar som krev planprogram og konsekvensutgreiing

For planforslag som krev planprogram og/eller konsekvensutgreiing skal det betalast tilleggsgbyr.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-2 andre ledd og kap. 14		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	For planar som krev planprogram	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	For planar med konsekvensutgreiing	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.7 Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr.

Utfylling og endring av plan, jf. pbl § 12-14		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre endringar i reguleringsplan eller utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar som vert behandla som ny plan jf. pbl § 12-14 første ledd	Per søknad	Fullt gebyr

§ 2.8 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

For dei tenestene som ikkje vert omfatta av dette regulativet kan det takast gebyr etter tid som går med til kommunen sitt arbeid. Timesatsen dekker òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

§ 2.9 Tilbaketrekking av planforslag

Ved trekk av planforslag eller manglende oppfølging frå forslagsstillar skal forslagsstillar betala ein del av samla sakshandsamingsgebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga. Dersom planinitiativet vert trekt etter oppstartsmøtet, men før innsendt planforslag, betalast berre gebyr for oppstartsmøte.

Trekk av søknad		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For søknader som trekkjast etter varsel om oppstart, men før innsendt planforslag er mottatt	Per planforslag	25 %
Vnr. Y	For saker som avsluttast etter påbyrja sakshandsaming, men før vedtak om offentlig ettersyn	Per planforslag	50 %
Vnr. Y	For saker som avsluttast etter påbyrja sakshandsaming og etter vedtak om offentlig ettersyn	Per planforslag	Fullt gebyr

formaterte: Ikke Utheving

formaterte: Ikke Utheving

Kapittel 3 – Byggje- og delesakshandsaming

§ 3.1 Generelt

For alle søknadspåleggande tiltak etter plan- og bygningsloven skal det reknast grunngebyr, sakshandsamingsgebyr og registreringsgebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. For tiltak som er unntatt søknadspålegg skal det reknast registreringsgebyr dersom tiltaket skal førast i matrikkel.

§ 3.2 Tilsyn etter plan- og bygningsloven

Tilsyn er eit viktig verktøy for å kontrollere at tiltak vert gjennomført i samsvar med føresegnar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke lovbrøt og verke førebyggjande.

10 % av gebyret skal dekke kommunen si tilsynsverksemd.

formaterte: Skriftfarge: Tekst 1, Ikke Utheving

§ 3.3 Grunngjebyr

Grunngjebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsaminga som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis arkiv, infrastruktur, mottaks kontroll mv. Grunngjebyret dekkjer også kommunen si oppfølging av ulovlege tilhøve. Ferdiggattest som utstedes i løpet av fem år etter opphavleg byggeløyve dekkjast dekkjes også av grunngebyret.

Grunngjebyr		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspåleggande tiltak	Per søknad	Kr X,-

Kommentert [LB3]: Er det nødvendig å ha denne setningen med, når det står om det i § 3.2, i tillegg til at det ikke er vel bare grunngebyret skal dekke dette?

Kommentert [KEP4R3]: Jeg er enig – slett setningen

§ 3.4 Registreringsgebyr

For tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr som skal dekke kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal også betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Registreringspåleggande tiltak	Per brukseining	Kr X,-

§ 3.5 Førehandskonferanse

For nærare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det bli heldt førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre aktuelle fagmynde. Førehandskonferanse gjev ikkje grunngebyr. Gebyr betalast uavhengig av om det er kommunen eller tiltakshavar som ber om førehandskonferanse.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse	Per møte	Kr X,-

§ 3.6 Tilbaketrekking av søknad

Ved tilbaketrekking av søknad skal tiltakshavar betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Tilbaketrekking av søknad		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For søknader som trekkjast før saksbehandling er starta	Per søknad	Grunngjebyr
Vnr. Y	For søknader som trekkjast etter utsendt mangelbrev	Per søknad	Grunngjebyr + 25 % av sakshandsamingsgebyr
Vnr. Y	For søknader som vert sendt til høyring eller som krev uttale frå f.eks. statsforvaltar eller vegvesenet	Per søknad	Grunngjebyr + 50 % av sakshandsamingsgebyr
Vnr. Y	For sak som avsluttast etter saksbehandling, men før utsending av vedtak	Per søknad	Fullt gebyr

formaterte: Skriftfarge: Automatisk

formaterte: Skriftfarge: Automatisk

§ 3.7 Mangelfull søknad

Ein søknad kan returnerast dersom søknaden er mangelfull og ikkje fullstendig i høve til krav fastsett i lov eller forskrift. Dersom søker ikkje har fullstendig søknad, fakturerast det for utsending av mangelbrev.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Avvising av søknad	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Utsending av mangelbrev	Per mangelbrev	Kr X,-

§ 3.8 Søknad om endring av gjeve løyve

Ved søknad om endring av gjeve løyve kjem det gebyr så fremt endringane ikkje ~~dekkjast~~ dekkes av andre føresegner i regulativet. Søknad om endring av gjeve løyve utløyser ikkje nytt grunngebyr.

Søknad om endring av gjeve løyve		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Ved endring av godkjent søknad om tiltak som ikkje krev nabovarsling og som krev nytt vedtak, skal det betalast ein del av ordinært sakshandsamingsgebyr for ny søknad	Per søknad	20 %
Vnr. Y	Ved endring av godkjent søknad om tiltak som krev nabovarsling og som krev nytt vedtak, skal det betalast ein del av ordinært sakshandsamingsgebyr for ny søknad	Per søknad	50 %

Er endringane så betydelege at søknaden blir å sjå som ny sak, betalast fullt sakshandsamingsgebyr. Det skal betalast fullt gebyr ved ny handsaming av tidlegare godkjend byggjetiltak. Dersom endringa utløyser ny søknad om dispensasjon, skal det i tillegg betalast gebyr etter § 3.9.

§ 3.9 Dispensasjonssøknader

Tiltak som ikkje er i samsvar med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Gebyret kjem i tillegg til andre gebyr.

Dispensasjon		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Dispensasjon frå plankrav i kommune- og reguleringsplan, arealbruk	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jf. pbl § 1-8	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon frå grad av utnytting, regulert byggjelinje, tal på etasjar, høgde i plan, veglovens føresegner mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon frå andre forhold i plan og/eller pbl med tilhøyrande forskrifter	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon for tiltak på eksisterande bygningar i LNF-område i tråd med gjeldande retningslinjer	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr om dispensasjonssøknaden krev høyring	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr om dispensasjonssøknaden krev politisk handsaming	Per søknad	Kr X,-

§ 3.10 Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Gebyret gjeld for søknadspliktige tiltak som skal handsamast etter pbl § 20-1 m. Grunngebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, søknad om frådeling av grunneigedom og innløyning av festetomt (deling) i regulert område	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, søknad om frådeling av grunneigedom og innløyning av festetomt (deling) i ikkje regulert område	Per matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Vedtak om arealoverføring	Per arealoverføring	Kr X,-

For søknadspliktige tiltak som skal handsamast etter pbl § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forvaltast av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1 og 3-2 skal det betalast følgjande gebyr. Grunngebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak som garasjar, uthus, og tilbygg på eigedom med eksisterande bygningar, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ei brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Kr X,-

formaterte: Skriftfarge: Automatisk

formaterte: Skriftfarge: Automatisk

§ 3.11 Søknadspåklitte tiltak med krav om ansvarleg føretak

Søknad, prosjektering og utføring av tiltak som skal forestås av føretak med ansvarsrett. Grunngbyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret. Det same gjeld registreringsgebyr dersom tiltaket er registreringspliktig i matrikkelen.

§ 3.11.1 Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg, vesentleg endring eller reparasjon

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1, a og b		Berekningsening	Gebyr
Bustad og fritidsbustad:			
Vnr. Y	Bustad/fritidsbustad med inntil to bueiningar Bygningstype 111-124, 161-163	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Rekkehus, kjedehus og andre småhus Bygningstype 131-136	Per bueining, inntil 8 bueiningar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	Store bustadbygg Bygningstype 141-159	Per bueining, inntil 10 bueiningar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad: Bygningstype 111-172	Per tilbygg	Kr X,-
Vnr. Y	Garasje, uthus, annek, naust mv. til bustad: Bygningstype 181-199	Per bygning	Kr X,-
Annet enn bustad:			
Vnr. Y	Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211-219	Per bygningPer-Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221-229; 323	Per bygningPer-Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231-249; 421-439	Per bygningPer-Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Forretningsbygg, offentleg tilgjengelege publikumsbygg, sjukehus og andre bygg for behandling ol. Bygningstype: 311-322; 329-429; 441-449; 710-829	Per bygningBygning	Kr X,-
Vnr. Y	Bygg for overnatting mv. Bygningstype: 511-529	Per bygningBygning	Kr X,-
Vnr. Y	Bygg for servering mv. Bygningstype: 531-539	Per bygningBygning	Kr X,-
Vnr. Y	Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611-649; 661-669; 671-679; 830-840	Per bygningBygning	Kr X,-
Vnr. Y	Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651-659	Per bygningBygning	Kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg og påbygg mv. for annett bustad Bygningstype 211-840	Per bygningBygning	Kr X,-
Røyranlegg, leidningsanlegg mv.			
Vnr. Y	Røyranlegg, leidningsanlegg mv.	Per søknad	Kr X,-
Symjebasseng, dam/brønn ol.			
Vnr. Y	Symjebasseng, dam/brønn og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Brygge, molo, kai ol.	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.11.2 Fasadeendring

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Berekningsening	Gebyr
Vnr. Y	Fasadeendring	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.11.3 Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare bruk av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Berekningsening	Gebyr
Vnr. Y	Bruksendring mv. med endring av berande konstruksjon, brannskilje, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring mv. utan endring av berande konstruksjon, brannskilje, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	Kr X,-

§ 3.11.4 Riving av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Riving mv. av bygg, konstruksjon, anlegg med kulturminneinteresse	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Riving mv. av andre bygg, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.11.5 Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg, heis, støttemur og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skorstein og andre enkle tiltak	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.11.6 Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar for bustad

For eksempel at det blir ei buening mindre i ei bygning.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføyning av brukseiningar i bustad mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar i bustad mv.	Per ny buening	Kr X,-

§ 3.11.7 Oppføring av innhegning mot veg

Dersom tiltak under inngår i søknad etter kapittel 20 i pbl, skal det ikkje krevjast separat gebyr.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjerm)	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.11.8 Plassering av skilt- og reklameinnretningar

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Enkelt skilt eller reklame	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad med fleire enn eitt skilt	Per søknad	Kr X,-

§ 3.11.9 Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Plassering av midlertidige skule-/barnehagebygg mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Plassering av andre midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr X,-

§ 3.11.10 Vesentleg terrenginngrep

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep under bakken	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep på terrengoverflate	Per søknad	Kr X,-

§ 3.11.11 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Større anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass	Per tiltak	Kr X,-

Mindre anlegg: Gjeld innan i utbygd eigedom.

Større anlegg: Gjeld der anlegget strekk seg over fleire eigedomar eller større nye utbyggingar.

§ 3.12 Andre vurderingar

Andre vurderingar utløyser ikkje grunngebyr. Tiltak på eksisterande byggverk kan utløyse registreringsgebyr.

Andre vurderingar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per unntak	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbyggersansvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Kr X,-

§ 3.13 Igangsetjingsløyve

Igangsetjingsløyve utløyser ikkje eige grunn- eller registreringsgebyr.

Igangsetjingsløyve jf. Pbl § 20-3		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-

§ 3.14 Midlertidig bruksløyve og ferdigattest

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest utløyer ikkje eige grunn- eller registreringsgebyr.

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år etter opphavleg byggeløyve blei gitt	Per søknad	Kr X,-

§ 3.15 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

For dei tenestene som ikkje er omtalt i regulativet, men som krev behandling etter plan- og bygningslova, gjeld eit gebyr etter brukt tid. Timesatsen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Timesatsen gjeld også for søknader etter pbl kapittel 18.

Timepris		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

Kapittel 4 – Eigarseksjonering

§ 4.1 Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eigarseksjonsloven skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Ved tilleggsareal i grunn kjem det gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå [§ 5-3 om](#) gebyr for oppretting av uteareal på eigarseksjon.

§ 4.2 Mangelfull søknad

En søknad kan avisast dersom søknaden er mangelfull og ikkje komplett i høve til krav fastsett i lov.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mangelbrev	Per mangelbrev	Kr X,-

Formatert: Høyre

§ 4.4 Oppretting av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til 5 gonger gebyret for ein til tre seksjonar.

Oppretting av eigarseksjonar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå tre fire seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per søknad seksjon	Kr X,-

§ 4.5 Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige

Maksimalt gebyr vert sett til 5 gonger gebyret for to til tre seksjonar.

Reseksjonering		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå tre fire seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per søknad seksjon	Kr X,-

§ 4.6 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Det skal betalast gebyr ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige.

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per eigedom	Kr X,-

§ 4.7 Synfaring

Synfaring av eigedom blir utført når kommunen finn det nødvendig ved handsaming av saka. Gebyr kjem i tillegg til handsamingsgebyret.

Synfaring		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr X,-

§ 4.8 Avbroten sak

Dersom søkjar avbryt søknadsprosessen før tinglysing skal det betalast eit gebyr for å dekke kostnadene til kommunen med saksarbeidet.

Avbroten sak		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for avbroten sak	Per søknad	1/2 av samla gebyr

Formatert: Høyre

§ 4.9 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

For dei tenestene som ikkje er omfatta av dette regulativet kan det takast gebyr etter tid som går med til kommunen sitt arbeid. Timesatsen dekker òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

Kapittel 5 - Oppmåling

§ 5.1 Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter matrikellova skal betala grunngebyr og gebyr for oppmålingsforretning med mindre anna kjem fram av regulativet. Gebyret skal betalast av rekvirent etter dei reglane og satsar som gjeld den dagen saka vert fremma for kommunen. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

§ 5.2 Grunnggebyr

Grunnggebyr	Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y Rekvirert sak etter matrikellova	Per sak	Kr. X,-

§ 5.3 Gebyr for oppmålingsforretning

Oppmålingsforretning	Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y Oppretting av grunneigedom og fest grunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Per ny matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y Arealoverføring	Per forretning	Kr X,-
Vnr. Y Oppretting av uteareal på eigarseksjon	Inntil to tilleggsdelar	Kr X,-
Vnr. Y Tillegg for fleire tilleggsdelar utover to	Per tilleggsdel	Kr X,-
Vnr. Y Registrering av anleggseigedom	Per ny anleggseigedom	Kr X,-
Vnr. Y Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Per matrikkeleining	Kr X,-
Oppmålingsgebyr		
Vnr. Y I tillegg til satsane over kjem eit gebyr per grensepunkt som må målast og merkast i marka	Per grensepunkt	Kr X,-

Dersom delar av arbeidet blir utført av andre enn oppmålingsmynde skal gebyret til kommunen fastsetjast etter kor stor del av arbeidet kommunen utfører, etter følgjande prosentkala:

- Klargjering, registrering og sluttkontroll: 35 %
- Innkalling, forretning og merking: 25 %
- Måling, utrekning og utteikning: 40 %

§ 5.4 Andre forretningar

Andre oppmålingsforretningar	Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y Grensejustering	Per delareal grensejustering	Kr X,-
Vnr. Y Arealoverføring til offentlig veg	Per delareal	Kr X,-
Vnr. Y Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grenser	Per sak	Kr X,-
Vnr. Y Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfestet i tidlegare forretning	Per sak	Kr X,-
Oppmålingsgebyr		
Vnr. Y I tillegg til satsane over kjem eit gebyr per grensepunkt som må målast og merkast i marka	Per grensepunkt	Kr X,-

§ 5.5 Rabattar

Rabatt vert rekna av samla sakshandsamingsgebyr.

Rabattar	Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y Ved samtidig oppmåling av 3 til 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon	Rabatt	10 %
Vnr. Y Ved samtidig oppmåling av fleire enn 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon	Rabatt	25 %

§ 5.6 Avbrote forretning

Ved avbrote forretning skal rekvirent betala 1/3 av fullt gebyr. Ved avbroten sak etter at oppmålingsforretning er halde, vert det betalt fullt gebyr.

§ 5.7 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

For dei tenestene som ikkje vert omfatta av dette regulativet, gjeld eit gebyr etter tid som går med til kommunen sitt arbeid. Timesatsen dekker mellom anna saksarbeid, støttefunksjonar og administrasjon.

Timepris	Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y For dei tenestene som ikkje fell inn under regulativføresegnene, medrekna registrering av eksisterande jordsameie	Per time	Kr X,-

Formatert: Innrykk: Venstre: 0,99 cm

Kommentert [KEP5]: Vi foreslår å endre til «Per avgivereiendom», ev. «Per avgivereiendom utover den første». Den siste er for eksempel den som vil vedtas i Drammen kommune.

formaterte: Ikke Utheving

formaterte: Ikke Utheving

formaterte: Ikke Utheving

formaterte: Ikke Utheving

formaterte: Ikke Utheving

§ 5.8 Gebyr for matrikkelbrev

Andre gebyr		Berekningsenning	Gebyr
Vnr. Y	Utføring av matrikkelbrev	Per brev	Etter matrikkel- forskrifta